


ORGANISASJONSPLAN -



ÅRSMØTE -

Årsmøtet er høgaste organet i Valldal Idrettslag. Det skal haldast i februar og skal gjennomførast i samsvar med Valldal IL sine lover

Årsmøte skal handsame følgjande –

- årsmelding
- rekneskap
- budsjett
- medlemskontingent
- laget sin organisasjon
- innmeldte saker
- val av
 - styre – NB Kjønnkvotering
 - 2 varamedlemmar
 - 2 revisorar valperiode
 - valnemnd med 3 medlemmar med funksjonstid 3 år
 - marknadsnemnd med 3 medlemmar med funksjonstid 3 år
 - representasjon
 - idrettsrådet sitt årsmøte
 - idrettskretsting
 - gruppestyrer

STYRET -

Laget skal organiserast med eit styre som består av

- leiar valperiode 1 år
- nestleiar valperiode 2 år
- 3 styremedlemmar med følgjande funksjonar valperiode 2 år
 - kasserar
 - skrivar
 - styremedlem - husansvarleg

Funksjonar vert ikkje fordelt/valgt på årsmøtet utanom nestleiar og nestleiar.

1. varamedlem skal alltid kallast inn til styremøte.

I styret sit også leiar i dei gruppene som årsmøtet til ei kvar tid har vedteke å opprette. Dette er knytt til kva særforbund laget er medlem i.

GRUPPER -

Kvar gruppe skal ha eit eige styre der følgjande funksjonar/oppgåver vert ivareteke-

- leiar
- nestleiar
- kasserar
- matrialansvarleg

Gruppestyret skal veljast av årsmøtet i Valldal IL etter innstilling frå gruppeårsmøtet. Framlegget vert oversendt valnemnda som skal legge fram innstilling på kandidatar til alle tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.

Medlemene i gruppestyret skal ha funksjonstid på 2 år, der 2 er på val eit år og ein er på val påfølgjande år. Mellom styremedlemene vert gruppeleiar vald for eit år.

Gruppene bør ha ei eiga valnemnd som kjem med framlegg til kandidatar til styret.

GRUPPEÅRSMØTER -

Før årsmøtet skal kvar gruppe gjennomføre sine årsmøte som fastset

- årsmelding for gruppa
- årsrekneskap for gruppa
- budsjett for komande år
- arbeidsplan for komande år
- val/innstilling av gruppestyre

Etter handsaming på gruppeårsmøtet vert dette sendt over til styret i Valldal IL og inngår i samla årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for Valldal IL. Styret i Valldal IL legg dette fram for årsmøtet til endeleg godkjenning.

Gruppene gjennomfører sine årsmøter seinast 1 veke før årsmøtet i Valldal IL, slik at styret kan utarbeide fullstendig sakliste og andre saksdokument med framlegg til vedtak.

BUDSJETT – REKNESKAP

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halde seg innanfor sine godkjente budsjett. Dette er ein viktig reiskap for å styre økonomien i laget.

Det skal leggjast fram halvårsrapport/-rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentere sin økonomiske situasjon.

Utover vedteke budsjett har styret følgjande økonomiske fullmakter –

- godkjenne ekstra kostnader i gruppene i høve til gruppa sitt budsjett til enkeltstående prosjekt på kr 50.000
- godkjenne ekstra kostnader i Valldal IL samla i høve til vedteke budsjett til enkeltstående prosjekt på kr 150.000. Dette er totale kostnader det også kan skje ei fordeling på gruppene.
- Ved bruk av desse rammene skal det gjerast ei vurdering av at økonomien i laget tillet slike ekstra kostnader.
- Prosjekt med kostnader utover kr 150.000 skal leggjast fram for årsmøte/ekstraordinært årsmøte til godkjenning

Desse retningslinjene gjeld frå og med årsmøtet 2012, med unntak av det som gjeld organisering og val. Dette skal brukast ved årsmøte 2013.